

ID 504.26
MH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET

Tysdag 7. april kl. 10.00

Teams

Sakliste:

Sak 13/26	Godkjenning av sakslista
Sak 14/26	Val styremedlem Sunnhordland museum
Sak 15/26	Høyringsfråsegn: Forskrift om overnattingsavgift
Sak 16/26	Høyringsfråsegn til NOU 2026:1 – En berekraftig kommunesektor
Sak 17/26	Ymse

Sunnhordland, 31. mars 2026

Morten Helland
Rådsordførar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Tysdag 7. april kl. 10.00
Teams

Sak 14/26
MH/thm

Val styremedlem Sunnhordland museum

Sunnhordlandsrådet er pr. dags dato representert med to styremedlemmar i styret til Sunnhordland museum. Kwart styremedlem vert vald for 2 år, med personleg varamedlem.

For perioden 2022-2023 er det Fitjar kommune og Kvinnherad kommune som har hatt desse styreverva. Og for perioden 2024-2025 er det Etne kommune og Stord kommune som har hatt desse styreverva. I Sunnhordlandsrådet sitt møte den 13. februar blei det gjort samrøystes vedtak på at Etne og Stord kommune skulle fortsetje for perioden 2026-2027

Den 18. mars mottok Sunnhordlandsrådet ein ny førespurnad på å velje ytterlegare to kommunar til styremedlemmar. Arbeidsutvalet vurderer det som positivt og legg fram forslag til vedtak, som inneberer val av ytterlegare to kommunar til, til Sunnhordland museum sitt styre.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande kommunar til å sitje i Sunnhordland museum sitt styre for perioden 2026-2027:

1. kommune.
2.kommune.

Kommunestyra for dei to valde kommunane, må sjølv peike ut kven som skal representere dei i Sunnhordland museum sitt styre. Kvar kommune må velje eit styremedlem med personleg varamedlem.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Tysdag 7. april kl. 10.00

Teams

Sak 15/26

MH/thm

Høyringsfråsegn: Forskrift om overnattingsavgift

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane på høyring. Forskrifta utfyller lov om besøksbidrag (besøksbidragsloven). Det blir foreslått fritak frå overnattingsavgifta, regler om når dei kommunale forskriftene kan tre i kraft, presiseringar om formidlingselskapa sine plikter og overgangsregler.

Forslag til vedtak under er forfatta av Visit Sunnhordland si destinasjonsleiing og er godkjend av arbeidsutvalet.

Høyringsfristen er 7. april 2026.

Framlegg til vedtak:

Visit Sunnhordland representerer kommunane Stord, Fitjar, Austevoll, Tysnes, Kvinnherad, Etne, Sveio og Bømlo. Regionen er prega av småskala, spreidd og i hovudsak heilårsbasert reiseliv, og har i dag ikkje dokumenterte utfordringar knytt til overturisme eller særleg belastning på fellesgode.

Vi støttar intensjonen bak besøksbidragslova om å sikre berekraftig utvikling i område med stor reiselivsbelastning og å leggje til rette for finansiering av reiselivsrelaterte fellesgode der behovet er reelt. Samstundes meiner vi det er avgjerande at praktiseringa av ordninga ligg tett opp til lovas vilkår om «særleg stor belastning». For distriktsregionar som Sunnhordland er det viktig at denne terskelen blir praktisert tydeleg og konsekvent, slik at verkemiddelet ikkje i praksis utviklar seg til ei generell avgift også i område utan dokumenterte utfordringar.

For våre kommunar vil ei overnattingsavgift på 3 prosent i liten grad fungere som regulering av turismepress, men i større grad representere ein kostnadsauke i ein marknad med moderate volum og avgrensa marginar. Særleg for distrikts- og heilårshotell kan dette svekke konkurransekrafta og påverke grunnlaget for heilårsdrift. Desse verksemdene har ein viktig funksjon også utanfor reiselivet, knytt til næringsliv, offentleg aktivitet, arrangement og lokal samfunnsutvikling. Regelverket bør difor ta omsyn til at reiselivet i distrikta har andre strukturar og føresetnader enn i pressdestinasjonar.

Vi merkar oss at kommunane har ansvar for planarbeid, dokumentasjon og innkreving, og at departementet skal godkjenne at vilkåra er oppfylte før avgift kan tre i kraft. For å sikre føreseielegheit og like konkurransevilkår er det likevel viktig med tydelege nasjonale rammer for praktisering, rapportering og innkreving. Ei mest mogleg standardisert og samordna løysing vil redusere risiko for ulik praksis og konkurransevriding mellom kommunar, og lette den administrative belastninga for små kommunar og næringslivet.

I fleire av våre kystkommunar er strandsoneforvaltning og bruk av fritidsbustader allereie politisk sensitive tema. Dersom overnattingsavgifta også skal omfatte privat korttidsutleige i strandsoner eller sekundærbustader som blir nytta delvis kommersielt, er det viktig med tydelege og føreseielege avklaringar. Regelverket bør ikkje skape nye konfliktlinjer knytt til eigendomsrett, fritidsbustader og lokal bruk av

eksisterande bustadmase i distrikta. Avgrensingane mellom sporadisk privat utleige og reell næringsverksemd må vere klare, slik at ein unngår uvisse og urettferdig konkurranse. Vidare er legitimiteten til ordninga avhengig av at inntektene gir synleg og dokumenterbar lokal nytte. I kommunar utan tydelege trykkpunkt må det vere rom for ei grundig vurdering av om avgift er rett verkemiddel, og eventuelt korleis midlane kan nyttast på ein måte som styrkjer berekraft og lokal verdiskaping.

Visit Sunnhordland ønskjer også ei tydeleg avklaring knytt til fritaket for brakkeriggjar. For å sikre rettferdige konkurransevilkår bør det presiserast at innkvartering som heilt eller delvis blir leigd ut i den opne marknaden, ikkje skal omfattast av fritaket.

Avslutningsvis meiner vi det vil vere formålstenleg med ei evaluering av ordninga etter 2–3 år, med særleg merksemd på effektar i distriktskommunar utan dokumentert reiselivspress, konsekvensar for heilårsbedrifter og forholdet mellom administrative kostnader og inntekter.

Visit Sunnhordland ønskjer å bidra konstruktivt til ei berekraftig utvikling av norsk reiseliv, og meiner besøksbidraget kan vere eit nyttig verkemiddel der belastninga er reell og dokumentert. For distriktsregionar som Sunnhordland er det avgjerande at ordninga blir praktisert målretta, føreseieleg og i tråd med både reiselivspolitiske og distriktpolitiske mål.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Tysdag 7. april kl. 10.00

Teams

Sak 16/26

MH/thm

Høyringsfråsegn til NOU 2026:1 – En berekraftig kommunesektor

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor – Kommunekommisjonens første delutredning, på høyring. Utredninga er publisert på [NOU 2026: 1 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

Kommunekommisjonen vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 9. mai 2025, og fekk i oppdrag å føreslå endringar i staten si styring av kommunesektoren som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren. Kommisjonen skal òg vurdere og føreslå tiltak dersom det er andre forhold som bind kompetanse unødig, medverkar til unødig høge kostnader eller lite effektiv oppgåveløysing i kommunar og fylkeskommunar.

Kommisjonen leverte første delutgreiing til Kommunal- og distriktsdepartementet 9. januar 2026.

I si første delutgreiing skildrar kommisjonen det norske kommunesystemet, staten si styring og utfordringar kommunesektoren står overfor. Endringar i befolkningssamansetjinga og konsekvensar for behov for og tilgang til arbeidskraft blir særleg trekte fram. Kommisjonen føreslår konkrete endringar i den statlege styringa, knytte til både juridiske og økonomiske verkemiddel. Vidare skisserer kommisjonen rammene for den andre delutgreiinga som skal vere ferdig i løpet av 2026.

Departementet ønskjer at råka og interesserte aktørar vurderer tilrådingane frå kommisjonen, og sender difor utgreiinga på høyring. Høyringa vært i fyrste omgang lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet. Eventuell fråsegn vil bli vedtatt på neste regionrådsmøte.

Forslag til vedtak er forfatta på bakgrunn av dei ulike kommunane i Sunnhordland sine innspel, samt KS si fråsegn.

Høyringsfristen er 16. april 2026.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, deler Kommunekommisjonen si vurdering av at kommunesektoren står overfor store og samansette utfordringar. Det er behov for tiltak som kan styrkje kommunane sitt handlingsrom og leggje til rette for berekraftige løysingar over tid. Samstundes meiner kommunen at redusert statleg detaljstyring må balanserast mot omsynet til kvalitet, likeverd og tryggleik i tenestene. Tiltak som gir auka lokal fridom må følgjast av tydelege nasjonale rammer og tilstrekkelege økonomiske verkemiddel.

Basert på innspel frå medlemskommunane i Sunnhordlandsrådet IPR, vert følgjande framlegg til felles høyringsfråsegn til NOU 2026:1 – En berekraftig kommunesektor, lagt fram:

Oppvekst – skule og barnehage

Sunnhordlandsrådet ser positive sider ved auka lokalt handlingsrom i organisering og prioritering av ressursar i skule og barnehage, samt forenkling av rapporteringskrav og innlemming av enkelte øymerkte tilskot i rammetilskotet. Dette kan gi mindre administrasjon og meir heilskapleg økonomistyring.

Samstundes peikar Sunnhordlandsrådet på at endringar i lærarnorma kan innebære risiko. Ei svekking eller avviking av norma kan føre til redusert lærartettleik i kommunar med pressa økonomi, noko som igjen kan påverke læringsmiljø, tidleg innsats og oppfølging av elevar med særlege behov. Sunnhordlandsrådet meiner det er avgjerande at staten framleis sikrar nasjonale minimumskrav og økonomiske rammer som legg til rette for likeverdige oppvekstvilkår, uavhengig av lokal økonomi og geografi.

Helse- og omsorgstenester

Sunnhordlandsrådet støttar tiltak som gir større fleksibilitet i bruk av personell og organisering av helse- og omsorgstenestene, særleg i lys av rekrutteringsutfordringar og auka behov. Forenkling av tilskotsordningar og investeringstilskot kan redusere byråkrati og gi betre lokal prioritering av løysingar som kombinerer heimebaserte tenester, velferdsteknologi og omsorgsbustader.

Samstundes meiner Sunnhordlandsrådet at kompetanse er ein føresetnad for forsvarlege tenester. Fjerning av lovfesta kompetansekrav kan svekkje kvalitet, pasienttryggleik og beredskap, særleg i ein situasjon der fleire og meir komplekse oppgåver vert overførte frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Eventuelle endringar i kompetansekrav må difor følgjast av tiltak som sikrar kvalitet, tryggleik og likeverd i tenestene i heile landet.

Øymerkte tilskot og rammestyring

Sunnhordlandsrådet meiner at rammestyring bør vere hovudregelen for finansiering av kommunesektoren. Øymerkte tilskot avgrensar kommunane sitt handlingsrom, aukar administrativ byrde og svekkjer moglegheita til å prioritere ressursar ut frå lokale behov. Sunnhordlandsrådet støttar difor innlemming av dei fleste øymerkte tilskot i rammetilskotet, fordi dette gir betre heilskapleg styring og meir effektive og fleksible tenester. Samstundes meiner Sunnhordlandsrådet at øymerking berre bør nyttast i særskilde tilfelle, til dømes ved oppbygging av tenester med låg dekningsgrad eller i avgrensa geografiske område

Klima og natur

Sunnhordlandsrådet ser positive sider ved å samle tilskot til klima- og naturformål i ei større og meir heilskapleg ordning. Ei samanslåing må likevel ikkje føre til redusert samla stønad. Ordninga må utformast slik at også mindre kommunar med avgrensa ressursar har reell moglegheit til å søkje og gjennomføre klima- og naturtiltak. Det bør vere rom for både målretta satsingar og mindre prosjekt med fleksible kriterium.

Forenkling og rapportering

Sunnhordlandsrådet støttar forslaget om å heve grensa for rapporteringsplikt og redusere statlege rapporteringskrav. Dette kan frigjere administrativ kapasitet til utviklingsarbeid og kjerneoppgåver. Samstundes peikar kommunane på at auka lokalt ansvar kan medføre behov for meir intern dokumentasjon og kvalitetskontroll, noko som kan vere krevjande for mindre og mellomstore kommunar.

Ramme for andre delutgreiing

Sunnhordlandsrådet IPR støttar at Kommunekommisjonen i den vidare delutgreiinga legg hovudvekta på dei overordna rammene for statleg styring av kommunesektoren. For å oppnå reelt og varig lokalt handlingsrom er det naudsynt å sjå på det institusjonelle rammeverket samla, og korleis ulike styringsverkemiddel verkar i lag.

Vidare arbeid bør ha som mål å redusere samla styringstrykk gjennom betre samordning av statlege krav, meir heilskaplege konsekvensvurderingar og tydelegare rom for lokalt politisk og fagleg skjøn. Det er særleg

viktig å vurdere korleis lovgiving, forskrifter, rettleiingar, tilsyn og klageordningar samla påverkar kommunane sitt ansvar for prioritering, effektiv ressursbruk og forsvarleg tenesteyting.

Sunnhordlandsrådet meiner det er avgjerande at konsekvensar for kommunal økonomi, personelltilgang og samla oppgåveløysing vert betre belyste i statlege utgreiingar. Det bør leggjast større vekt på effektar på tvers av sektorar, og på korleis statlege krav verkar inn på kommunar med ulike føresetnader.

Sunnhordlandsrådet støttar at Kommunekommisjonen i neste fase prioriterer tiltak som kan gi meir føreseieleg og samordna statleg styring, redusert detaljregulering og større tillit til kommunane sitt ansvar og skjønn. Dette er ein føresetnad for å styrkje lokaldemokratiet og sikre ei berekraftig kommunesektor over tid.